

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 28

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Avaldsnes

Emne: ~~Jær mjølk~~ Drikk til
maten til kvardags.

Bygdelag: Karmöysida

Oppskr. av: Peder Skeie
65 år.

Gard: Meland

(adresse): Avaldsnes

G.nr. 35 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
Ja.

SVAR

1. Bruket av mjølk i hushaldet har vore heller lita i mi tid. Mjølka var av dei ting som måtte "wendast" for å skaffa pengar (kontanter). Det fyrste eg minnest vart mjølka levert til meieriet i Visnes (ved gamle a/s Vignsnes Kobberværk). Då dette vart nedlagt i 90-åra vart det levert til Haugesund, fyrst til private handlarar, men seinare til Haugesunds Meieri. Serleg nylsilt mjølk var difor helst "Tabu". Skoma mjølk - serleg av sundagsmjølka - vart bruka attåt grauten. Etter kvart, serleg i den siste tida, har kåra til gardbrukarane betrå seg. På same tid har mjølkemengda som fylgje av bruka av kraftfor og kunstgjødsel auka monaleg. Alt dette har nok verka i den lei at mjølk - også söt mjølk - vert bruka noko meir i hushaldet. Elles er det helst sundagsmjølka som framleis vert nytta. Folk likar godt å få mest mogeleg på "meierilista" framleis. Men berre sundagsmjølka vert jo no nokså mykje av. Skumamjølk - returmjølk frå meieriet - kan det no av og til verta svert god tid på. Denne vert no for tia helst rekna for altfor simpel til folkebruk, så ho går helst til svin og kalvar.
2. Svaret går fram frå pkt. 1.
3. Sa upet har alltid vore teke godt vare på og bruka. Det var litt sterkt i smaken til å bruka berre og vart oftast bruka blanda i vatn. Det var visst dette som vart kalla for blend eller bleng. Det vart helst bruka som torstedrikk serleg i slåtten. Namnet "primblende" kjenner eg ikkje.
4. Heimebryggja öl kjenner eg ikkje til frå mi tid. Før mi tid var det nok nokså vanleg. På eit gardbruk her er det såleis ei innhegning som heiter - etter gamalt - "Humlehagen". Der skal vera dyrka humle til ölbrygginga heime.
5. Frå min tidlegste barndom er det bruka kaffi att-bröd- og kakemat. Det einaste var småborna som i lengste laget fekk noko mjølk. I min ba ndom vart det spara svert på baunene, som kosta pengar. Det vart gjerne koka to kjelar med kaffi, ein "tynn" til dei unge og ein noko betre til dei vaksne og eldre.
6. Kaffi må såleis seiast å ha vore vanleg kvardags-

- i minst 60 - 70 år.
7. Det vanlege på landsbygda her er visstnok at det vert bruka kaffi til morgonsmaten (frukost), ettermiddagskaffi og nonsmat (mellemat).
 8. Her kan ikkje svarast noko absolut. Meir eller minder vert bruka så å seie alle dei nemnde måtane. Det vanlege må vel vera at dei let vatnet koma nesten på koket, og groymalen kaffi vert så hatt uti. Ha r det hastverk å få kaffien ferdig, har dei den molne kaffien på med det same kjelen vert sett over, men det skal liksom ikkje verta så god drikk då. Sume som vil lage noko ekstra god drikk, di lagar "trekkaffi". Eg trur ikkje eg har høyrt at det vert bruka salt i kaffien. "Klareskinn" hørde ein derimot ofte om "i gamle dagar". No tur eg ikkje det vert brukt. Om eggeskal i kaffien har eg heller ikkje høyrt. I festlege lag er det ofte ein eller annan som liksom har ord på seg for å kunna "spå i gruten". At det skal vera serlege reglar for denne spåinga, har eg ikkje høyrt noko om, Spådomane går helst ut på kjerastar o.l. , brever (som kan tyda på pengebrev eller kjærleiksbrev, det kan vera om ventande giftarmål og ventande "arvongar" osv.
 9. Mange likar sukker i kaffien. Men så vidt eg veit var dette langt meir tilfelle i min barndom. Det var då helst kandis (brubø sukker) som vart bruka. Dette gjorde liksom mest av seg. Dei kunne ha det oppi sjølve koppen, eller dei kunde ha det på "tefatet". Tidlegare slo dei nesten alltid kaffien på tefatet (tasine - som dei gamle sa) når dei drakk. No for tid vert det helst bruk ein bit raffinade til avslutting på kaffikoppen. Under siste krigen vart elles folket mykje avvande med sukkeret, og så vidt eg forstår, brukast det framleis ein god del minder sukker til kaffien enn det vart brukt før krigen.
 10. Det vanlege er og har alltid vore at det vert bruka fløyte eller mjölk i kaffien. Fløyte hjå dei som hadde betre råd - eller meir almennt til helgane - og mjölk til ~~dei~~ hjå dei andre - eller til kvardags. At det vert bruka ost i kaffien har eg ikkje høyr. Derimot har eg så vidt høyrt om vispa egg.
 11. I "gamle dagar" var teen mest ein festdrikk. Dersom det ikkje vart bruka kaffi (eller skumamjöl) til maten til kvardags, vert det ofte bruka karvatn. Karve kunde kjøpast, men det voks også karve på böande. Denne kunde verta innhenta og turka.
 12. Brennevin til kvardags har aldri vore brukt i våre grender.
 13. Til kvardags vert lite bruka "kjöpedrikka". Til høgtid og festlege lag, kan verta brukt det eine eller det andre etter som innstillinga hjå vertskapet er. Til kvardags derimot kan det i högda vera at det vert laga "saftvatn". Safta vert elles vanlegvis laga heime.

Avaldsnes 23/11 1953

Peder Olsen
